

2015-2017



LÆRDALSELVA VILL

Utførande fagmiljø har vore Vestlandsforskning, NINA, NMBU,
Ferskvannsbiologen Leif Magnus Sættem, Stiftinga Norsk
Villakssenter, NTNU, Falkeblikk AS og INAQ AS på oppdrag for
Lærdal Elveeigarlag.



LÆRDALSELVI ER KVITT G. SALARIS (GYRO), KVA NO?

Lærdalselvi har vore ei av verdas mest omtalte og attraktive lakseelvar, og er kjent for å huse gode bestandar av storvaksen laks og sjøaure. Verdiane knytt til fisket etter vill laksefisk er i dag kraftig redusert sidan glanstida som varte fram til 1980-tallet. I samband med påvising av lakseparasitten Gyrodactylus salaris, er det anslått at elveeigarane tapte inntekter på rundt 10 millionar kroner per år. Lærdalselvi er regionalt og nasjonalt viktig med omsyn til laks og elva er verna som nasjonalt laksevassdrag med tilhøyrande nasjonal laksefjord. Denne statusen forpliktar og det skal sikrast at det ikkje vert gjennomført tiltak som kan vere til skade. Lakselova set vidare krav til ei bestandsretta forvalting. Det faglege fundamentet for dette er at kvar elv har sine lokale bestandar tilpassa økologiske forhold i vassdraget. God lokal kunnskap om bestanden sin storleik og livsløp er ein føresetnad for ei berekraftig forvalting.

Friskmeldinga frå G. salaris i 2017 vil truleg medføre auka etterspurnad etter fiske, og ViLL-prosjektet (2015- 2017) er gjennomført innanfor tidsramma for friskmeldingsprogrammet.



VERDISKAPING

Det overordna føremålet med prosjektet var å auke verdiskapinga av sportsfisket i elva gjennom meir kunnskapsbasert forvalting. Verdiskapingspotensialet ligg i auka betalingsvilje for fiske i Lærdalselvi.

FANG OG SLEPP

Auka betalingsvilje for fiske og berekraftig lokal forvalting heng tett saman, då ein må redusere uttaket for å sikre gytebestandane og samstundes tilby attraktive fiskeopplevelingar. Gjennom retta gjenutsetting (fang og slepp) kan ein oppnå begge.



KUNNSKAP

Føresetnaden er at fiskarane vert gjevne kunnskap og sjølv er positive til slik forvalting. Samstundes må kunnskapen om lagnaden til gjenutsett fisk aukast, og den gjenutsette fisken sitt bidrag til bestanden og framtidige fiskeopplevelingar talfestast.


FISKARANE SIN KUNNSKAP OG HALDNINGAR

Fiskarane i Lærdal er meir nøgde med opphaldet enn fiskarane i landet generelt. Dei opplever å få det dei er ute etter i Lærdal: oppleve natur, slappe av, vere saman med venar/familie, kome bort frå det daglege, samt å oppleve utfordrande kamp med fisken. For fleirtalet av Lærdalsfiskarane har det betyding å kunne fange stor fisk, men dei er ikkje opptekne av å fange så mange fisk som mogleg. At naturopplevinga er det viktigaste gjer det naudsynt å ta vare på naturmiljøet langs vassdraget.

Dei aller fleste fiskarane meiner at gjenutsetting av fisk er med på å sikre fiskestammene i Lærdalselvi, og at om fisken blir handsama rett vil han overleve gjenutsetting og gyte. Dei valdansvarlege er av same oppfatning. Eit retta fiske er eit viktig forvaltingstiltak i Lærdalselvi, då det i dag ikkje er eit stort haustbart overskot av laks i vassdraget. Fiskarane sitt forbruk i Lærdal er vesentleg høgare enn i andre lakseelvar i Norge, og viser at Lærdal har klart å utvikle produkt som fiskarane er viljuge til å betale godt for.

KARTLEGGINGA GJENNOM SPØRJEGRANSKINGA TOK FØRE SEG:

- 1 Fiskarane si praktisering, kunnskap og haldning til fang og slepp.
- 2 Meininga deira om fiskereglane og tiltak mot gyro-smitte.
- 3 Fiskarane si tilknyting til elva og motivasjon for fiske
- 4 Kor nøgd dei har vore med fiske og opphaldet i Lærdal
- 5 Forbruket deira i samband med fiske og synspunkt på behovet for forbetring av tenestetilbodet i bygda.



Filmen vil bli lansert til fiskestart 2018. Målet med filmen er å visualisere prosjektet og utfordringane til laks og sjøaure i Lærdalselvi, for sportsfiskarar, grunneigarar, forvaltning, politikarar og næringsaktørar.



BEREKRAFTIG FORVALTNINGA: LAGNADEN TIL GJENUTSETT FISK

I samarbeid med fiskarane blei ein del gjenutsett fisk merka, og talet på fisk som vart fanga fleire gonger i same fiskeseson kartlagt. Gjenfangsten av gjenutsett fisk var lav og dødlegheta etter gjenutsetting var svært lav. Det er med andre ord den første sportsfiskaren som får laksen på kroken som bestemmer lagnaden til desse laksane, då vi no veit at dei sjeldan blir fanga på nyt og at dei ved rett handtering overlever fram til gyting. Det vart totalt merka 348 laks og 11 sjøaure. I tal merka fisk er dette den mest omfattande fang og slepp-undersøkinga i noko norsk laksevassdrag.

Overleving av laks etter gyting (vinterstøringar) fram til utvandring neste vår er frå tidlegare

undersøkingar kjent som svært høg (70-80%) i Lærdalselvi. Ein nasjonalt unik dataserie på haust- og vårteljingar av fisk vart gjenoppteken i ViLL prosjektet, og vi har dokumentert overleving på linje med historiske data. Dette tyder at ein stor del av bestanden har potensiale til å verte fleirgongsgytarar. Desse individua er sær verdifulle gjennom sitt bidrag til gytebestanden, og sær attraktive for fiskarar som trofé-fisk. I ViLL prosjektet blei vinterstøringar merkt med sendarar for å studere utvandringsåtferd og overlevelse i sjøen fram til neste gyting. Talet på fisk som kjem attende vil bli klarlagt dei neste to åra.

VEGEN VIDARE?

Viktig med rett fiske og god kunnskap.

Prosjektet har dokumentert viktigeita av eit retta fiske som tiltak for å sikre gytebestanden og ikkje minst at fiskarane skjønar at også deira aktivitet kan ha ein påverknad på både laks og aurebestanden, på lik line med verknader frå både vasskraftproduksjon og akvakulturaktivitet. Denne informasjonen vil vere viktig å vise gjennom den ferdige filmen, slik at brukarane av elva forstår ansvaret sitt med å sikre robuste bestandar av laks og sjøaure i Lærdalselvi i framtida.



EVALUERING AV PROSJEKTET

Formann i Lærdal Elveeigarlag: "Som oppdragsgjevar er Lærdal Elveeigarlag er vi svært fornøgd med ViLL prosjektet, både i forhold til undersøkinga og ikkje minst konklusjonane. Vi meiner granskningane stadfester at vi har ei attraktiv lakse- og sjøaureelv i Lærdal med gode kvalitetar og med fiskarane som i stor grad trivast både i elva og i området. Undersøkinga viser likevel at vi på ein del punkt har forbetringspotensiale, noko vi vil jobbe med i åra som kjem. Her vil resultat frå prosjektet vere eit viktig verktøy for i elveeigarlaget».

LÆRDALSELVA
ViLL

Prosjektet «Auka verdiskaping av sportsfisket i Lærdalselvi gjennom kunnskapsbasert forvaltning av livskraftige lakse- og aurebestander med unik attraktivitet for sportsfiske 2015-2017» med akronymet «ViLL» er finansiert av Regionalt forskingsfond Vestlandet med delfinansiering frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Østfold Energi AS, Osland Havbruk AS, Sulefisk AS og Marine Harvest Norway AS.